

BACHELOROPPGÅVE

Ungdomskriminalitet

Årsaksforklaringar og førebygging

av

1

Solveig Bergstrøm

Barnevernpedagog

201

April 2007



HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE



Ungdomskriminalitet - årsaksforklaringar og førebygging

INNHALDSLISTE

1.0 Innleiing	1
1.1 Oppbygging av oppgava	2
2.0 Metode	2
2.1 Kjeldekritikk	3
3.0 Kriminologiske teoriar	5
3.1 Kriminologiske åtferdsteoriar	6
4.0 Individbaserte risikofaktorar	6
4.1 Biologiske risikofaktorar	7
4.2 Personlegdomsfaktorar	7
4.3 Kognitive risikoaktorar	9
5.0 Psykososiale risikofaktorar	11
5.1 Familiefaktorar	11
5.2 Skulerelaterte risikofaktorar	12
5.3 Risiko i samband med jamnaldergrupper og fritid	13
6.0 Teoriar om førebygging	15
6.1 Sosial kriminalitetsførebygging	15
6.2 Situasjonell kriminalitetsførebygging	16
6.3 Lokalorientert kriminalitetsførebygging	16
7.0 Førebygging av ungdomskriminalitet	17
7.1 Dei ulike sektorane sitt ansvar og plikter	17
7.2 Sentrale satsingsområde	18
8.0 Avslutting	23
Litteraturliste	26

1.0 INNLEIING

Statistisk sentralbyrå sin statistikk fra 2001 viser at i omfang har det vore ei auke blant unge når det gjeld antalet sikta for forseelsar og forbrytingar. Den totale auka kunne ein finne både blant dei under 20 år, men også for dei over 21. Det som var nytt var at for første gang på lenge var auka størst i den førstnemnte gruppa, som no utgjorde ein tredel av alle sikta for forbrytingar (Stene, 2003). Da dette kan verke som svert høge tal, er det viktig å også ta omsyn til at dei under 20 år, begår noko forskjellige former for kriminalitet enn dei over 21. Den hyppigaste forma for forbrytingar og forseelsar både blant gruppa 5-14 og gruppa 15-20 er trafikkforseelsar, etterfølgt av skadeverk. For den eldste gruppa er skadeverk og narkotika noko høgare enn i den yngste i høve til det totale omfanget. Andre former for kriminalitet som viser seg som relativt vanlege i statistikken er valdskriminalitet og vinningskriminalitet (Stene, 2003). Dei tala som ligg til grunn baserar seg i stor grad på kriminalitet blant gutar.

Grunnen for at eg har vald ungdomskriminalitet som tema for bacheloroppgava mi, er at eg synest dette er eit sentralt tema i barnevernsarbeid, som det er viktig å kunne meir om. Det er stadig fleire mindreårige som utfører kriminelle handlingar (Stene, 2003:16), noko som gjer at barnevernet også får meir med ungdomskriminalitet å gjere. Ved hjelp av meir kunnskap om korleis kriminalitet kan oppstå og korleis ein kan førebygge det, er ein meir kompetent i møte med unge lovbrytarar, og er betre i stand til å hjelpe og finne fram til dei beste tiltaka. Men det er ikkje berre i møte med lovbrytarar at denne kunnskapen vil verte sentral, det dreiar seg også om andre former for antisosial åtferd.

Når ein tilegnar seg kunnskap om ungdomskriminalitet, inneber det blant anna at ein lærar om kva årsaksforklaringar som ligg til grunn for denne typen åtferd, og også om kva risikofaktorar som kan vere sentrale i utviklinga fram mot å verte ein lovbrytar. Dette gjer at ein kan vere betre i stand til å sjå kva barn og unge som er i ei risikosone. På bakgrunn av denne kunnskapen kan ein tidlegast mogeleg gripe inn i situasjonen, og setje i verk tiltak. Jo tidlegare i ein prosess tiltak vert utarbeidd og sett i gang, dess større sjanse har tiltaka til å vere så effektive som mogeleg for dei involverte. Til sist handlar kompetanse om ungdomskriminalitet om å stoppe den enkelte unge på vei inn i eit tilvere prega av kriminalitet, og også slik oppfylle eit av samfunnet sine viktigaste vilkår; å ta i vare barnet sitt beste, også når det utfører handlingar som er til skade for seg sjølv, samfunnet og fellesskapet.

Det finnast fleire måtar å forklare kva kriminalitet er heilt konkret. Ein måte å seie det enkelt på er at kriminalitet er handlingar som i høve til lova kan straffast av myndigheitene (Olsen, 1991). Kva som er kriminalitet endast over tid. Det som var straffbart før, er ikkje nødvendigvis straffbart i dag, som til dømes svangerskapsavbrot og homofili. Det har også kome inn nyare former for kriminalitet, som til dømes miljøforbrytingar. Eg ser her at kriminalitet er et dynamisk fenomen som forandras over tid og mellom kulturar.

Med bakgrunn i dette har eg vald å skrive denne oppgava ut i fra problemstillinga:

Korleis kan ungdomskriminalitet forklarast og forståast, og korleis kan ein førebygge det?

1.1 Oppbygging av oppgava

Først i denne oppgava viste eg kort til omfanget av ungdomskriminalitet i Norge, og greia ut om kvifor eg meiner ungdomskriminalitet er eit felt det er viktig å ha kunnskap om i det praktiske barnevernsarbeidet. Før eg kjem inn på hovuddelen i oppgava kjem ein methodedel, der eg forklarar kort kva samfunnsvitskapeleg metode er i høve til ei oppgave av denne typen, og greier ut om kva metode eg har nytta. Eg vil deretter gå gjennom dei mest sentrale kjeldene mine, og gjere greie for kvifor eg meiner dei er aktuelle.

I oppgava sin hovuddel vil eg ta for meg årsaksforklaringar og risikofaktorar, inndelt i to hovudkategoriar; individbaserte og psykososiale risikofaktorar. Deretter vil eg ta føre meg korleis ein kan førebygge ungdomskriminalitet, kva tiltak som kan settast i verk, samt å greie ut om kva ansvar dei ulike sektorane har for unge lovbrutarar, før eg heilt mot slutten vil gå gjennom kva eg har kome fram til, og kva eg har lært i arbeidet med oppgava.

2.0 METODE

Pedagogen Olav Dalland (1997) definerar metode som ein framgangsmåte for å frambringe kunnskap, eller for å etterprøve påstandar som vert sett fram med krav om å vere sanne, gyldige eller haldbare. Det er eit middel for å løyse problem og for å kome fram til ny kunnskap. Metoden fortel noko om korleis ein bør gå til verks for å kome fram til den kunnskapen som er aktuell for formålet. Grunngevinga for å velje ein bestemt metode, er at ein meiner den kan gi gode data for å belyse problemstillinga på ein fagleg interessant måte (Dalland, 1997:14).

Den oppgava eg har skrive er ein litteraturstudie, som vil seie at oppgava er basert på kunnskapar fra bøker og andre skriftlege kjelder. Av kjeldene kan ein skilje mellom primær og sekundær litteratur. Der forfattaren tar utgangspunkt i eigne kunnskapar og erfaringar er det snakk om primærlitteratur, medan sekundærlitteratur er ein annan forfattar sine tolkingar av den opphavlege forfattaren sine kunnskapar. Her vert det vist til studiar gjort av andre fagpersonar. Fordelen med å nytte primære kjelder framfor sekundære er at ein får lagt fram budskapet til den opphavlege forfattaren, utan at det er farga av andre sitt syn og erfaringar (Dalland, 1997).

Når ein vel ut kva litteratur ein skal nytte, er det viktig å ta omsyn til validiteten i kjeldene; at dei data ein nyttar er gyldige og føremålstenlege. Her kan det vere nyttig å ta omsyn til kva bakgrunn forfattaren har, og kva han baserar seg på i arbeidet sitt (Dalland, 1997). Spørsmål om validiteten i dei kjeldene eg har nytta, vil eg kome attende til i kjeldekritikken min.

Kjeldene eg har nytta i oppgava mi er bøker, politiske dokument, artiklar, forskingsstudiar og statistikkar. For å forklare kva eit dokument er, kan ein seie at det er ein skriven tekst der ein skil mellom det som er produsert etter initiativ fra forskaren, som dagbøker og stilar, og dokument som er produsert uavhengig av forskaren, som stortingsmeldingar og fagtekstar (Scott, 1990).

2.1 Kjeldekritikk

På feltet ungdomskriminalitet er det mykje stoff å velje mellom, og det er ikkje så lett å finne ut kva bøker som kan vere mest aktuelle for problemstillinga. Noko som kan vere aktuelt er at mykje av litteraturen eg har nytta er sekundærlitteratur, til tross for at eg er klar over at sekundærlitteratur ofte baserar seg på ein forfattar sine eigne tolkingar av den opphavlege forfattaren sine funn.

Ei bok eg har brukt mykje i oppgava mi, er *Kriminalitetens årsaker* (2001) av jurist og kriminolog Ragnar Hauge. Forfattaren har gitt boka undertittelen *Utsnitt av kriminologiens historie*, og grunngjev dette med at kriminologien er eit for stort område til å få eit klart overblikk av gjennom ei bok aleine. Boka er skrive som ei lærebok i kriminologi og kriminalpolitikk, og er ein litteraturstudie basert på fleire av dei store tenkjarane innan kriminologien. Grunnen til at eg har vald å bruke denne boka er at eg meiner den gir eit godt innblikk i kriminologien som felt og der igjennom korleis ein kan forklare kriminalitet.

For å få ei oversikt over kva risikofaktorar som kan føre til antisosial åtferd og kriminalitet, har eg nytta boka *Kriminalitetsutvikling hos barn og unge* (1991) av Astrid Kaufmann. Ho er psykolog, og arbeidar med ungdomsforskning. Denne boka er ein litteraturstudie, men der forfatternen også har teke med resultat fra eige forskning. Da boka vart utgitt i 1991 er den ikkje av nyaste dato, men eg finn den likevel relevant til mitt formål.

Vidare har eg nytta to bøker, *Karakteristika ved ungdomskriminalitet og unge lovovertredere* (1995) av psykolog Hilde Pape og *Det kriminalitetsforebyggende siktemål* (1997) av Ola Erstad, for å få eit innblikk i kva som karakteriserar ungdomskriminalitet og strategiar i det kriminalitetsførebyggande arbeidet.

Eg har nytta *Unge, kriminalitet og straf* (1991) av Torben Olsen, som omhandlar kriminalitet og kriminalpolitikk, rettsvesenet og straffesystemet, kriminalitetens årsaker og barn og unges kriminalitet. Av Erik Jappe, som skriv om kunnskapar han har tilegna seg som sosialrådgiver i blant anna Århus kommune i Danmark og gjennom diverse litteratur, har eg nytta boka *Børne- og ungdomskriminalitet* (2000), som har som siktemål å gi eit overblikk over feltet. Da forfatternen ikkje har noko formell utdanning som spesifikt omhandlar dette feltet, har eg ikkje basert meg så mykje på denne boka, men meiner likevel den har vore relevant for meg i mi forståing av kriminalitet. Eg har også nytta boka *Børn og kriminalitet* (2000), skriva av Henrik Dam Kristensen og utgitt av det danske Sosialministeriet. Dette er litteraturstudiar, og gir oversikt over kva som kan gjere at enkelte unge hamnar i ei kriminell karriere. Da desse tre bøkene er danske, og skriva ut i fra danske tilhøve, er eg klar over at ikkje all kunnskap kan overførast til å gjelde norske tilhøve, og har difor ikkje teke med resultat av forskning gjort i Danmark spesifikt.

Vidare har eg nytta handlingsplanen *Sammen mot barne- og ungdomskriminalitet (2005-2008)* utgitt av Justis- og politidepartementet. Handlingsplanen omhandlar førebygging av ungdomskriminalitet, og kva tiltak som kan vere aktuelle i dette arbeidet. Da dette er eit politisk dokument, er eg klar over at det er ei anna type kjelde enn dei andre. Grunnen til at eg har nytta dette dokumentet, er at eg ville få eit innblikk i kva regjeringa meiner om ungdomskriminalitet, korleis det kan motarbeidast, og kva som føregår på feltet i dag.

Eg har nytta ein statistikk (Stene, 2003) som beskriv kriminalitet blant barn og unge i Norge, og som bygger på statistikkar fra det norske rettssystemet. Grunnen til at eg har vald å nytte denne rapporten i oppgava, er for å få eit overblikk i statistikkane som seier noko om omfanget av ungdomskriminalitet i Norge, men er klar over at statistikkar av fleire grunnar kan vere ufullstendige og ha ein del mørketal. Dette til dømes grunna feil i sjølvrapportering, der dette er nytta som grunnlag for statistikken, at ikkje alle lovbrott vert meldt, at ein del henlagde saker ikkje vert med i statistikken, og at lovene, og dermed kva som vert sett som eit lovbrott, stadig er i endring. Statistikken fortel noko om kva kontakt barn og unge har med rettssystemet, og om utviklinga av denne kontakta over tid, men om årsakene til kontakta, kan ikkje kriminalstatistikkane gi noko svar på. Dei fortel oss om dei samfunnsproblema som rettsapparatet og samfunnet står ovanfor, og om kven og kva politiet og andre relaterte sektorar fokuserar på. Ut i frå dette kan ein seie at beskrivingar av den registrerte kriminaliteten blant barn og unge kan sjåast på som ei beskriving av korleis justissektoren og den vaksne delen av befolkninga fokuserar på barn og unge, og også som ei beskriving av kva barn og unge gjer (Stene, 2003).

Også andre kjelder har vore nytta i oppgava mi, men ikkje så mykje at eg føler det relevant å nemne dei her. Heller ikkje alle kjeldene er har nemnt er brukt like mykje, men har vore nyttige for meg i arbeidet med oppgava.

3.0 KRIMINOLOGISKE TEORiar

I eit lovbrott har ein tre sentrale element: ei handling, ei lovbestemming som definerar handlinga som eit lovbrott og ei handheving som fastslår at handlinga vert ramma av lovbestemminga. Det finnast tre hovudtypar av kriminologiske teoriar: Den første baserar seg på forklaring av åtferd; kva omstende er det som fører til at lovstridige handlingar vert begått. Den andre typen teori baserar seg på forklaring av normene; kva normer er det som fører til at visse handlingar vert betrakta som lovbrott. Den tredje typen teori dreiar seg av forklaring av handhevingane; kva omstende medfører at det gripast inn ovanfor ei straffbar handling (Hauge, 2001:11-12).

Ein har innan kriminologien tradisjonelt sett konsentrert seg om åtferdsteoriar, der ein har prøva å forklare kvifor personar utfører lovbrott. Dei to andre typene teoriar, normteoriar og handhevingsteoriar, har ein i stor grad sett bort i fra. Dette er mykje fordi lovene ikkje er statiske og varierer med tid og stad, som igjen medfører at å forklare lovbrott ut i fra

handlingane aleine ikkje vil gi eit dekkande bilete; det seier ingenting om kvifor ein person har brote lova, og kva for prosessar som førar fram til eit lovbrøt (Hauge, 2001). Likt dette vil eg konsentrere meg om åtferdsteoriar, heller enn normteoriar og handhevingsteoriar, og eg vil i første del av årsaksforklaringa hovudsakleg basere meg på individnivået. Men da kriminalitet er sosialt definert, og som nemnt kan variere stort mellom tid og stad, vert det for snevert å berre ta føre seg individuelle forklaringar og risikofaktorar. Individuelle faktorar kan i hovudsak verte sett som predisposisjonar, snarare enn determinantar. Det er helst i samband med miljømessige tilhøve at dei individuelle faktorane vil kunne gi utslag i ulike typar åtferd, deriblant kriminalitet (Hage, 1998). Eg vil difor også kome inn på risikofaktorar i samband med miljømessige tilhøve og på gruppenivå i andre del av årsaksforklaringa (avsnitt 5.0).

3.1 Kriminologiske åtferdsteoriar

Med forankring i eit åtferdsteoretisk perspektiv vert det kriminologien si oppgåve å forklare kvifor lovbrøt vert utført. Kort oppsummert kan ein seie at denne delen av kriminologien fekk sitt grunnlag med positivismen sitt frambrøt på 1800-talet. Tidlegare hadde kriminalitet vore sett på som resultatet av den enkelte sin frie vilje og evna til å gjere eigne val. Med positivismen vart omgrepet fri vilje forkasta som vitskapeleg forklaring, og ein vart no oppteken av å søke lovmessigheiter i åtferda og å bygge opp forklaringsmodellar ut i frå desse lovmessigheitene. Fokus på kor ein skulle finne årsakene til kriminalitet, i likskap med andre fenomen, vart flytta til samspelet mellom individet sjølv og dei påverknadane individet vart utsett for. Kriminologiens nye oppgåve vart å avdekke dei faktorane som låg til grunn for kriminell åtferd (Hauge, 2001:14)

I det følgjande vil eg sjå på nokre av dei risikofaktorane ein går ut fra at ligg til grunn for ei kriminalitetsutvikling hos barn og unge, delt inn i individbaserte og psykososiale risikofaktorar. Men sjølv om desse faktorane ofte har vore element i oppvekst og tilvere hos unge lovbrøytarar, er det viktig å få med at ikkje alle som opplev desse faktorane vert kriminelle¹, og at det i dei fleste høve dreiar seg om ein kombinasjon av fleire av desse.

4.0 INDIVIDBASERTE RISIKOFAKTORAR

Dei individbaserte risikofaktorane kan i følgje psykolog Astrid Kaufmann (1991) vidare delast i tre; dei biologiske, dei personlegdomsmessige og dei kognitive.

¹ Jfr. Resiliens-omgrepet (Borge, 2003)

4.1. Biologiske faktorar

I tidlege debattar om kriminalitet vart det fokusert sterkt på arv, og etter at den italienske kriminologen Lombroso hevda at han hadde oppdaga "den fødte kriminelle", prøva mange forskarar å vise at den antekne biologiske årsaka til kriminalitet var arveleg. I dag kan ein sjå at forskarane i stor grad baserer seg på sosial åtferd, som uttrykk for ei rekke kompliserte samspelsfaktorar mellom arvemessige og miljømessige tilhøve (Hauge, 2001). Kaufmann (1991) trekk arv og miljø saman og skriv at miljø ikkje treng å verte oppfatta som ein motsetnad til arv, men heller ein faktor som avgjer korleis arva utfoldar seg. På same vis kan arven seiast å vere ein faktor som avgjer kva effekt eit bestemt miljø vil kunne gi.

Det er i seinare tid hovudsakleg gjennom forskning på kromosomavvik og polygen arv at dei eventuelle genetiske faktorane i utvikling av åtferdsforstyringar har vorte studert. I dei fleste studiane har ein fokusert på menn med ekstra x- eller y-kromosom, eller ei eller annan skade i slike arveanlegg. Etter fleire studiar har det vorte fastslått at ein ikkje kan påvise noko form for kromosomavvik hos personar med åtferdsvanskar, men ein har funne at menn med eit ekstra y-kromosom har ein noko høgare risiko for å utvikle slike vanskar. Forsking på polygen arv kan imidlertid gi ei antyding om at arvelege faktorar kan ha betydning for kriminalitet, indirekte gjennom åtferdsvanskar. Dette dreiar seg mellom anna om manglande kjenslekomponentar i sine opplevingar hos sosiopatar, og manglande evne til å utvikle angst (Kaufmann, 1991).

Det kan vere nyttig å vurdere dei biologiske faktorane si betyding på to plan. På den eine sida kan det tenkast at biologiske faktorar slår ut ganske direkte i antisosial åtferd, som hyperaktivitet eller sterk stimulanssøken. På den andre sida kan desse faktorane kunne slå ut i åtferdsmønsteret indirekte ved at dei kan disponere for diverse psykologiske eigenskapar, som til dømes antisosial åtferd ved personlegdomstrekk som impulsivitet, dårleg sjølvbilette og aggresjon (Kaufmann, 1991). I det kommande vil eg sjå meir på desse personlegdomstrekka, og korleis dei kan framstå som risikofaktorar i seg sjølv, og i kombinasjon med andre trekk.

4.2 Personlegdomsfaktorar

Som nemnt over kan sosiopati og psykopati medføre åtferdsvanskar, som igjen kan gjere individet meir utsett for å verte kriminell enn andre (Kaufmann, 1991). Denne påstanden kan ein finne støtte til i dei psykologiske teoriene Jappe skriv om, der det vert hevda at årsakene til kriminalitet ikkje er å finne i dei unge sine levekår, men i deira meir eller mindre medfødde

personlegdom (Jappe, 2000). Ved at psykopati har vore definert som ei medfødt lidning, kan det samstundes vere eit argument for å seie at kriminalitet delvis er biologisk (Hauge, 2001). Eit av dei sentrale trekka ved desse personlegdomsbeskrivingane er uvanleg sterk impulsivitet, og slik Kaufmann (1991) tolkar dette trekket, dreiar det seg om at ein handlar utan å tenke, gløymer det ein har lært, og at ein ikkje tenker på konsekvensar av handlingane sine. I fleire studiar, blant anna utført av Marohn i 1971 og Wilson og Herrnstein i 1986, visast det til ein høg grad av impulsivitet som karakteristika ved unge lovbrytarar.

Eit anna trekk som har vore rekna som karakteristisk ved unge lovbrytarar, og som synast å spele ei viktig rolle i utvikling av kriminalitet, er aggresjon. Dette trekket definerast vanlegvis som ein tendens til å angripe andre, fysisk eller verbalt, med ein intensjon om å påføre vedkommande fysisk eller psykisk skade. Fleire longitudinelle studiar, som Pulkkinen i 1983 og psykolog Dan Olweus i 1986, har vist at ein stor del lovbrytarar allereie som barn kjem høgt opp når det gjeld faktorar som har med aggresjon å gjere. Aggresjon har også vist seg å ofte ha samanheng med sviktande merksemd, og Kaufmann (1991) viser til tre faktorar som kan gjere seg gjeldande i utviklinga av dette trekket; For det første spelar foreldra si kjenslemessige innstilling til barnet ei rolle. Den andre sentrale faktoren viser til i kva utstrekning omsorgsgivaren har vore ettergivande og tillatande i høve til barnet si aggressive innstilling. Den tredje faktoren dreiar seg om foreldra sin bruk av maktorienterte straffemetodar, som fysisk straff og valdsame kjensleutbrot. Slik Kaufmann tolkar Loeber og Stouthammer-Loeber si analytiske litteraturoversikt fra 1987, viser det seg at barn som ikkje har vakse av seg aggressivitet ved tidleg ungdomsalder, er i ei høgrisikosone for seinare kriminalitet, og at dei fleste av dei valdelege kriminelle synast å ha vore aggressive som barn (Kaufmann, 1991).

Også angst har vore rekna som karakteristisk ved psykopati og sosiopati. Her kan ein sjå at ungdomskriminelle ofte har vorte karakterisert ved eit lågt angstnivå og liten sosial tilbaketrekking. På den andre sida seier Kaufmann at høge angstnivå kan hemme kognitive funksjonar og forsinke utviklinga av sosiale relasjonar. Desse kan igjen verte risikofaktorar i ei kriminell utvikling. Vi ser her at både spesielt låge og spesielt høge angstnivå kan spele ei rolle i utviklinga av kriminell åtferd (Kaufmann, 1991).

I fleire teoriar om ungdomskriminalitet har sjølvbiletet vore ein forklaringsfaktor, og mange av studiane tydar på at unge lovbrytarar har eit negativt sjølvbilete og lita respekt for seg

sjølve. Også forvirra sjølvbilete, vanskar med å meistre yrkespress, frustrasjon og stress i samband med manglande indre styrke samt ein sterk grad av anspentheit har vist seg å vere sentralt. Hovudforklaringane på samanhengen mellom eit lågt sjølvbilete og kriminalitet kan ein kanskje finne i ein stemplingsmekanisme (Kaufmann, 1991). Denne mekanismen kan gjere at omgjevnadane si oppfatning av ein person som avviker eller kriminell vert eit avgjerande steg i utviklinga av ei kriminell karriere. Stemplinga kan forklarast ved at om ein person har utført ei kriminell handling, og deretter vert stempla som kriminell av omgjevnadane sine og vert behandla på ein annan måte, etter kvart endrar sjølvbiletet seg og personen ser på seg sjølv som kriminell. Han/ho kan da like godt fortsette med lovbrøt, fordi han/ho allereie er kriminell (Schiefløe, 2003). Sjølv om fleire studiar har vist samheng mellom lågt sjølvbilete og kriminalitet, har også andre studiar vist det motsette. Til dømes skriv Kaufmann (1991) at Olweus i 1988 fann at barn med åtferdsavvik, herunder mobbarar, som gruppe har ei forholdsvis positiv vurdering av seg sjølve.

I fleire litteraturoversikter, til dømes av Arbuthnot fra 1987, har det vorte konkludert med at forskning om personligdomstrekk i høve til kriminalitet gir ulike resultat og er basert på ulike teoretiske fundament. Det mest konsekvente funn desse studiane har funne er at unge lovbrøytarar kjem høgare opp på psykopatitestar enn andre. Denne psykopatendensen hos lovbrøytarar har, som vist til tidlegare, også vore vektlagt i biologisk orienterte studiar. Ein kan ikkje sjå psykopati som nært synonymt med kriminalitet, men ved å forstå ulike sider ved psykopati, kan ein kome nærare forståingar av kvifor enkelte barn og unge utviklar seg antisosialt (Kaufmann, 1991). Etter å ha vore innom kva utslag biologiske og personlegdomsmessige faktorar kan ha i kriminalitetsutvikling, vil eg no kome inn på dei kognitive faktorane, og sjå på kva effekt dei kan ha i utviklinga av antisosial og/eller kriminell åtferd.

4.3 Kognitive risikofaktorar

Med kognitive risikofaktorar tenkast risikofaktorar som går på dei kognitive prosessane hos individet, altså dei mentale funksjonane som ligg til grunn for erverving, lagring og bruk av dei kunnskapane eller den informasjonen ein tilegnar seg, til dømes læring, hukommelse, tenking og problemløysing. Under dei kognitive risikofaktorane vil eg kome inn på intelligens, moralomgrep og læreanskar.

Forskning på samanheng mellom intelligens og kriminalitet har vore kontroversiell. Tidleg på 1900-talet viste del studiar samband mellom låg intelligens og lovbrøt, der låg intelligens vart sett på som eit hovudkjenneteikn på lovbrøytarar, men desse har i ettertid vore forkasta da problemstillinga vart sett på som for snever eller av lita betyding. I sosiologisk orientert kriminologisk forskning har det lenge vore akseptert at det ikkje er noko betydeleg forskjell mellom lovbrøytarar og lovlydige intelligensmessig, og dei studiane som viste forskjellar har vorte tilbakevist på metodisk grunnlag. Det ein i hovudsak har kome fram til gjennom forskning på dette feltet, dreiar seg om forskjellar i kva evner hos den enkelte som er best utvikla. Ein har funne at unge lovbrøytarar har dårlegare verbale enn praktiske evner, og Kaufmann (1991) skriv at ho i sin eigen studie av norske tenåringar i 1988, fann at antisosial åtferd har ein samanheng med låg verbal evne.

Når det gjeld utvikling av moralomgrep, har det lenge vore antatt at unge lovbrøytarar har hatt ei eller anna form for svikt i denne. Dette vil kunne hemme utvikling av forståing av kva som er rett og gale. Ungdomskriminalitet kan slik sett sjåast på som ei forsinka utvikling både i logisk og moralsk tenking (Kaufmann, 1991). Eksisterande forskning med antisosiale barn og unge støtter opp om denne teorien, til dømes skriv Kaufmann at Blasi i 1980 og Arbuthnot i 1987 gjennom sine studiar har konkludert med at mange ungdomskriminelle kan finnast å vere på moralomgrepsnivå som kan kjenneteiknast ved egosentrisk tenking, ei manglande evne til å forstå ein annan sitt perspektiv. Sett fra ein annan vinkel viser andre studiar at unge lovbrøytarar gjerne kan forstå andre sine perspektiv, men at dei ikkje tar omsyn til dette kjenslemessig (Kaufmann, 1991). Såleis kan ein seie at den kjenslemessige sida ved moralutviklinga er like sentral som den intellektuelle i utvikling av antisosialitet.

Ein annan risikofaktor som kan gjelde det kognitive, er lærevanskar. Spørsmålet som da reisast, er om samanhengen mellom lærevanskar og kriminalitet kan dokumenterast på eit vitenskapelig grunnlag. Det meste av forskinga på dette området, er utført i USA, og ei rekke forskingsprosjekt, til dømes av The American Institute for Research, har bekrefta samanhengen. Men om det er lærevanskane i seg sjølv som er ein risikofaktor, eller om det er faktorar i samband med lærevanskar, som å verte ein "skuletapar", individuell sårbarheit eller forskjellsbehandling i rettssystemet, kan diskutertast (Kaufmann, 1991). Etter å ha sett på dei individuelle risikofaktorane, vil eg no kome inn på dei psykososiale.

5.0 PSYKOSOSIALE RISIKOFAKTORAR

I denne delen av oppgava vil eg kome inn på risikofaktorar som kan gjere seg gjeldande i interaksjon og relasjonar med andre. Fokuset i oppgava vil no verte flytta fra det individuelle planet, til eit gruppenivå, der eg kjem inn på risikofaktorar i samband med familie, skule, jamnaldringar og fritid.

5.1 Familiefaktorar

Som nemnt før i oppgava vart eit individ si åtferd tidlegare sett på som determinert, men med ei gruppe franske forskarar på 1900-talet, omtala som den franske skule, vaks det fram ein opposisjon mot dette. Dei meinte at kriminalitet var kulturbestemt og lært åtferd som oppsto i samspel med andre individ, og såg på miljøfaktorar som avgjerande for utvikling av kriminalitet. Forskarane i gruppa hadde ulike syn på korleis miljøfaktorane førte til kriminalitet, men det var brei semje om at fattigdommen i dei lågare sosiale laga, og den uverdige livssituasjonen som fattigdommen medførte, låg til grunn for kriminaliteten (Hauge, 2001).

Utover 1900-talet vart det lagt meir vekt på familien og kva påverknad familien kan ha i denne samanheng, og ein kom fram til at gode familietilhøve kunne ha ei motverkande effekt på fattigdom. Dei viste også at det motsette kunne vere av betydning. Unormale familietilhøve, derunder fødsel utanom ekteskap, oppvekst utanfor heimen og oppløyste ekteskap, kunne sende individet ut i eit kriminelt levesett. Dette vart forklart med at barn som hadde vakse opp under desse "unormale familietilhøva" hadde fått ein mangelfull og feilaktig oppseding. Dei kunne ikkje skilje mellom rett og gale, samtidig som at dei ikkje hadde vore utsett for kontroll frå foreldre og heimen si side (Hauge 2001).

I ein notidskontekst har sosialantropologen Inger-Lise Lien (2004) vist at familiar som får vanskar med kriminalitet og antisosial åtferd gjerne har ein del likskapstrekk; manglande kontroll, slapp og ineffektiv disiplin, lite rom for det kjenslemessige, høg grad av konflikhtar, og foreldre som har vanskar med rusmiddelbruk, psykiatriske tilstander og kriminalitet sjølv. Ho skriv vidare at desse faktorane kan vere samansett på ulikt vis, og vere støtta opp av andre faktorar.

Kultursosiolog Lilly Zeuner viser i ei undersøking (Zeuner 1990, i Kristensen 2000) at mor sin sosiale status, utdanningsmessige, yrkesmessige og økonomiske tilhøve, har ei avgjerande

betyding for utvikling av kriminalitet hos den unge. Det framgjekk av denne undersøkinga at mor sin sosiale situasjon var den mest utslagsgivande faktor i høve til kor raskt og i kva omfang unge hamna attende i ny kriminalitet etter eit første lovbrøt. Dei unge kriminelle som deltok i undersøkinga opplyste at dei hadde vore gjenstand for ei lausare oppdraging med mindre grensesetjing og kontroll enn dei andre unge i undersøkinga. Dette hadde ført til normusikkerheit, som igjen medfører større sannsyn for å hamne i eit mønster av systematisk kriminalitet (Kristensen, 2000:34).²

5.2 Skulerelaterte risikofaktorar

På skulefeltet har det vore gjennomført mange undersøkingar. Ein av dei er fra 1993 der Skogen rapporterte at ungdom som sa at dei ville ha slutta på skulen om mogelegheita baud seg, hadde ein betydeleg høgare førekomst av sjølvrapporterte normovertredingar og kriminell aktivitet. På tilsvarande vis var også skuleopposisjon, disiplinvanskar, svake faglege prestasjonar, skulking og negative haldningar til skulen relatert til problemåtferd. Det viste seg også at dei som hadde eit bredt register av normovertredingar, hadde eit uvanleg dårlig forhold til lærarane sine. Sett på bakgrunn av dette viser det seg at skulevanskar er eit sentralt tema i forståinga av kvifor nokre vert kriminelle (Skogen, 1993 i Pape, 1995). Også at bytte av klasse eller skule viser seg å kunne ha negative konsekvensar for den unge, og at utskilling til ei spesialklasse kan vere uheldig, da eleven sjeldan eller aldri vender tilbake til si opprinnelege klasse seinare. Dette kan medføre at eleven får ei kjensle av avvisning og mindreverd, og etter kvart kan sjå på seg sjølv som isolert og avvikande. Det kan verte vanskelegare å oppnå andres aksept, og eleven kan verte villig til å gå lenger enn andre for å få dette (Kristensen, 2000).

Fleire undersøkingar, til dømes av psykologane Rutter i 1987 og Reynolds i 1976, har dokumentert store forskjellar i førekomst av lovbrøt blant elevar på skular innan same geografiske område. Til å byrje med gjekk ein ut fra at det hadde å gjere med fysiske faktorar som storleiken på skulen, bygningen sin alder eller storleiken på arealet. Dette viste seg å ikkje vere tilfelle. Ein fann at ved dei skulane der kriminalitetsførekomsten var høgast, var det høgare fråver, meir antisosial åtferd og dårlegare prestasjonar. Ein fann også at dei skulane med best veltilpassa elevar, hadde til felles at der var balanse i elevane sine evnemessige føresetnalar, at det ikkje var ei opphoping av evnesvake elevar, og at det sosiale

² Ein kan her kanskje reise spørsmål om at når det er så stor fokus på desse faktorane hos mor, kvar er far? (Brown, 1998)

klima ved skulen var prega av stabilitet blant personalet, engasjerte foreldre og rettferdig men omsorgsfull disiplin. Desse resultatene tydar på at den enkelte skulen si sosiale organisering spelar ei rolle for antisosial utvikling (Rutter 1987, Reynolds 1976, i Kaufmann, 1991).

Mobbing i skolen vert stadig eit meir aktuelt tema. Olweus (2004) skriv at ein del av mobbeofferane, i motsetnad til mobbarane, er kjenneteikna ved at dei er meir engstelege og usikre enn andre, og kjenner seg ofte dumme, mislukka, skamfulle og lite attraktive. Desse tendensane er forankra i eit dårleg sjølvbilete, og kan i stor grad verte forsterka av å verte mobba (Olweus, 2004). Som eg var inne på tidlegare har studiar vist at sjølvbilete kan vere ein viktig forklaringsfaktor, og at unge lovbrutarar ofte har eit negativt syn på seg sjølve. I lys av dette kan ein kanskje seie at å verte mobba er ein risikofaktor i høve til kriminalitet.

5.3 Risiko i samband med jamnaldersgrupper og fritid

Dei sosiale systema utanfor familie og skule vil kunne medverke til å hemme eller fremje den antisosiale åtferda blant barn og unge. Innan sosiologien har innflyting fra dei jamnaldrande vore sett på fra to vinklar for å kome fram til årsaksfaktorar: For det første kan vennegrupper påverke den unge sine haldningar i retning av antisosial åtferd. For det andre er det vist at ungdom som allereie er kriminelle, søker saman med andre kriminelle (Kaufmann, 1991).

Ein viktig arena som har vist seg å ha betydning i høve til å sikre eit grunnlag av normsikkerheit i den unge, er den organiserte fritida. Sentrale element i denne kategorien kan til dømes vere fritidsklubb, organisert idrett, interesseforeiningar og liknande. At den unge har tilstrekkeleg med fritidstilbod i seg sjølv er ikkje ein garanti mot kriminalitet, men det gir dei ein arena der dei kan verte sosialiserte og utviklar handlingskompetanse til å opptre sjølvstendig blant andre unge. Dette feltet har i mange år vore eit viktig område når det gjeld å førebygge kriminalitet og annan uhensiktsmessig åtferd hos barn og unge (Kristensen, 2000). Men ein kan ikkje sjå vekk i fra at alle arenaer der unge samlast også kan vere potensielle stader for kriminalitetslæring.

Noko som ikkje er enkelt å beskrive er korleis ungdom som fell utanom dei organiserte fritidstilboda skaffar seg sosial kontakt med jamnaldrande. Ein del unge i denne alderen, søker saman heime hos kvarandre, i kjøpesenter og andre gjerne stadar i byen utan vaksne til stades. Innan kriminologien meiner ein det naturleg for denne aldersgruppa å søke spenning, teste grenser, orientere seg mot jamnaldringar og sette seg opp mot foreldra si styring og kontroll. I

denne fasen vil dei i aukande grad frigjere seg fra gjeldande normer, og grensene mot avvikande åtferd vil verte mindre. Sikkerheit og bekrefting vert no søkt frå jamnaldrande, heller enn fra familien som tidligare. Dei ynskjer ikkje å utsette seg for avvising og kritikk fra kameratar, og kan handle mot eigne overtydingar for å oppnå aksept. At dette gjer at den unge automatisk begår lovbrøt, er naturlegvis ikkje eit konstant resultat, men det kan medføre at dei i denne alderen er meir tilbøyelege til å utføre kriminelle handlingar. Eit godt grunnlag av klare normer og sjølvstende kan vere med på å motverke desse tendensane (Kristensen, 2000), samstundes som at forskning syner at samhald innan familien minkar sjansane for antisosial utvikling. Noko som støttar opp om denne påstanden er studiar som viser at i familiar der det ikkje har vore fokus på klare normer, og der dei unge har hatt lita kjenslemessig støtte heime, er dei unge meir utsett enn andre (Kaufmann, 1991).

Også kriminologane Bloch og Niederhoffer fokuserar på ungdomsgrupper, og seier at førekomsten av seremoniell, lengda av ungdomsperioden og definisjonen av den unge si rolle er av avgjerande betydning for kor problematisk ungdomstida vil vere. Sjølv om ungdomstida kan vere problematisk i alle samfunn, vil problema vere mindre der denne perioden er kortvarig, og rammene for kva den unge skal foreta seg og kva rolle den unge skal fylle er klart fastslått. Bloch og Niederhoffer meiner at om samfunnet ikkje instituerar seremoniar eller ritual for å markere overgangen mellom barn og vaksen, vil dei unge gjere det sjølv. Ved å samanlikne og overta pubertetsritar fra meir primitive samfunn, som tatovering, bruk av klengenavn, spesielle opphaldsstadar, forskjellige eldprøver og liknande, finn dei ei testing og ei bekrefting på at dei er på veg inn i eit tilvere som vaksen. Med rot i dette forklarar dei gjengkriminalitet (Hauge, 2001:84-87).

Bloch og Niederhoffer meiner at sjølv om dei unge kjenslemessig og biologisk er i stand til å tre inn i eit tilvere som vaksen, vert dei helde nede av eit sosialt, økonomisk og juridisk avhengigheitsforhald. Det oppstår på denne måten uklarleik om korleis dei skal få dokumentert at dei er vaksne, og det kan oppstå ei kjensle av engsting rundt korvidt dei kan fylle ei vaksenrolle, og verte aksepterte som vaksne. I dette gapet mellom barn og vaksen, vert dei jamnaldrande den gruppa dei kan verte aksepterte av og kjenne tilhøyre til. Det mest sentrale i desse gruppene er brotet med barndommen og å vise at ein er vaksen. Avvika oppstår når ungdomsgruppa og vaksengruppa sine oppfatningar av kva som er vaksen åtferd er ulike. I ungdomsgruppa vil vaksen åtferd ofte vere definert som å vere uavhengig fra foreldre, både økonomisk og sosialt, utan like stor fokus på korleis ein oppnår dette. I tillegg

vil dei gjerne ha retten til å nyte godt av den vaksne sine privilegium, som å kunne drikke seg full, ha seksuelle forhold og å kunne køyre bil (Hauge, 2001:84-87). I motsetnad til dei fleste andre, som synast å meine at ungdom på denne måten gjer opprør mot verdiar og normer i samfunnet, meiner Bloch og Niederhoffer at dei unge handlar i tråd med desse verdiane og normene, men da si eiga tolking av dei, og at den kriminaliteten dei utfører er målretta ved at den er eit uttrykk for å prøve å vise seg som vaksen. Dei jamnaldrande er her sentrale, da der er dei jamnaldrande som bekreftar åtferda som vaksen. Utan denne støtta fra jamnaldringane, ville åtferda vere irrelevant som bevis på vaksenheit, da utomverda sin definisjon av vaksen åtferd, avvikar fra ungdomsgruppa sin definisjon (Hauge, 2001:84-87).

Eg har no sett på kva risikofaktorar som kan føre til utvikling av kriminalitet og antisosial åtferd. Desse risikofaktorane vart inndelt i to hovudgrupper; individbaserte og psykososiale faktorar. Under individbaserte faktorar såg eg på biologiske, personlegdomsrelaterte og kognitive risikofaktorar. Idet eg kom inn på psykososiale risikofaktorar, vart fokuset flytta fra individet, til eit gruppenivå, og eg var her innom kva faktorar relatert til familien, skulen og kva risikofaktorar som kan oppstå i samband med jamnaldringar, og diskuterte ulike teoriar i høve til dette. I denne første delen har eg svart på første del av problemstillinga; *Korleis kan ungdomskriminalitet forklarast og forståast*. I kommande del av oppgava kjem eg inn på andre del av problemstillinga; *Korleis kan ein førebygge ungdomskriminalitet*. Denne delen vil i hovudsak byggast opp rundt handlingsplanen utarbeidd av Justis- og Politidepartementet, der eg går gjennom kva tiltak som kan vere aktuelle, kven som er sentrale aktørar i førebyggingsarbeidet, og nokre viktige satsingsområde.

6.0 TEORAR OM FØREBYGGING

I dette kapitlet vil eg sjå på nokre teoretiske innfallsvinklar, herunder sosial-, situasjonell- og lokalorientert kriminalitetsførebygging, når det gjeld å førebygge kriminalitet, før eg i neste kapittel går over til faktiske tiltak og satsingsområde.

6.1 Sosial kriminalitetsførebygging

Sosial kriminalitetsførebygging er eit omgrep av overordna karakter som omfattar ei rekke ulike studiar og tiltak, men som har til felles at dei i større grad enn andre rettar merksemda mot dei sosiale årsaksfaktorane som vert antoke å ligge til grunn for kriminalitetsutviklinga, og kva som kjenneteiknar den kriminelle. Kjernen i denne form for førebygging er i gripe inn i eit utviklingsmønster der kriminalitet ofte er resultatet, og endre omstenda rundt denne

utviklinga. Den sosiale kriminalitetsførebygginga er i stor grad forankra i teoretiske ansatsar. I dette ligg det at ein baserar seg på ulike teoretiske perspektiv som ligg til grunn for dei analysane ein gjer seg, og slik får bekrefta eller avkrefta sine antakingar. Tiltak av denne typen er ofte svært omfattande, og vert retta mot store grupper av befolkninga. Ein ser her på kriminalitet som eit samfunnsproblem på tvers av situasjonar og kontekstar (Erstad, 1997).

Faren ved denne typen tenking, er at ein kan hamne i eit tankemønster der ein ser kriminalitet som eit determinert fenomen, og at individa er styrt av omgivnadane sine. Ansvar vert på denne måten flytta fra individ til samfunn, noko som i ein konsekvens kan medføre at tiltaka får feil fokus i høve til formål. Det er likevel klart at sosiale faktorar har noko å seie i høve til kriminalitet. Spørsmålet ein må stille er i kva stor grad ein kan nytte innsikt om desse faktorane i kriminalitetsførebygging, og om dei tiltaka ein har sett i verk faktisk har ein førebyggjande verknad (Erstad, 1997).

6.2 Situasjonell kriminalitetsførebygging

Ein annan tilnæringsmåte når det gjeld å vurdere førebygging av kriminalitet, er den situasjonelle kriminalitetsførebygginga. Dette er ein meir avgrensa og målretta modell enn den sosiale, og definerar visse situasjonar som problemet og foretar vurderingar av korleis ein best mogeleg kan sette i verk tiltak for å hindre at kriminalitet oppstår. I motsetnad til i den sosiale kriminalitetsførebygginga, der ein fokuserar på dei sosiale faktorane som kan seiast å ligge til grunn for lovbrøtet, vil ein i det situasjonelle perspektivet gå inn for å minske motivasjonen som førar til dei kriminelle handlingane. Heller enn å endre personen som utfører lovbrøtet, vil ein endre situasjonen der lovbrøtet finn stad (Erstad, 1997).

6.3 Lokalorientert kriminalitetsførebygging

Grunnlaget for ei lokalorientert kriminalitetsførebygging som teori er å sette fokus på betydninga av det sosiale nettverk menneske tilhøyrer og som kan seiast å legge grunnlag for det tilhøyre ein kjenner. Ei lokalorientert fokusering kan seiast å vere knytt til to tilhøve; engsting og utryggleik for kriminalitet i lokalsamfunnet og nærmiljøet på den eine sida, og auka merksemd om sosialt forfall definert som eit alvorleg samfunnsproblem på den andre. Med tanke på evaluering av tiltak, kan vere vanskeleg å vere eintydig i den lokalorienterte forståinga av kriminalitetsførebygging. Dette fordi det er snakk om komplekse sosiale mekanismar, der det kan vere vanskeleg å skilje ut innflytinga av enkeltstående tiltak, og også fordi denne type tiltak skal impliserast i allereie eksisterande sosiale nettverk eller

mangelfulle sosiale nettverk. Lokalorientert kriminalitetsførebygging skil seg fra den situasjonelle ved at tiltaka rettast meir mot område enn situasjonar, sjølv om tenkinga som ligg til grunn kan seiast å ha ein del til felles (Erstad, 1997).

Teoretisk sett kan ein skilje mellom desse tre formene for kriminalitetsførebygging, men når ein skal vurdere tiltak i praksis kan det vere vanskeleg å distingvere mellom dei ulike. Dette fordi tiltak ofte inneheld ein kombinasjon at dei tre teoretiske perspektiva, og også fordi teoriane i praksis kan flyte litt over i kvarandre. Eg vil likevel prøve å sjå dei kommande tiltaka i kapittel 7.2 i lys av dei ulike teoriane.

7.0 FØREBYGGING AV UNGDOMSKRIMINALITET

I eit samarbeid mellom Justis- og politidepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet, vart det i 2005 utarbeidd ein handlingsplan; *Sammen mot barne- og ungdomskriminalitet*. Denne handlingsplanen var eit resultat av eit ønske om ein felles innsats for å forhindre at barn og unge utviklar ei kriminell karriere, og hadde fokus på barnet sitt beste, på det enkelte individet, omsyn til behov hos lovbyrtaren, lokalsamfunnet og storsamfunnet, og den unge sin rett til å uttrykke si meining. Vidare vart det sett fokus på den unge sitt sjølvstende, meistringskjensle og reintegrasjon, samarbeid mellom dei ulike delane av den unge sitt tilvere og på ansvarleggjering av den unge i høve til handlingane sine (Handlingsplan (Hpl.), 2005:1-3). Tittelen til dokumentet ("saman") illustrerar at tverretatleg og tverrfagleg arbeid blir vektlagt i handlingsplanen. Eg ser her at ungdomskriminalitet er, som dei aller fleste andre område innan barnevernet, eit felt der tverrfagleg samarbeid mellom ulike etatar er sentralt for å best mogeleg kunne hjelpe. Ved å involvere fleire sider av den unge sitt tilvere, som skule og heim, i tillegg til politi og andre aktuelle partar, vil ein også kunne bringe fleire typar kompetanse på bane, og dermed heve kvaliteten på tiltaka som vert sett i verk. I handlingsplanen vart det også lagt fram kva ein meinte var viktige satsingsområde i høve til ungdomskriminalitet, og kva tiltak som kan vere aktuelle for å førebygge og rehabiliterer. Dette vil eg kome attende til seinare i oppgava.

7.1 Dei ulike sektorane sitt ansvar og plikter

Når det gjeld førebygging av kriminalitet og rehabilitering av unge lovbyrtarar, har dei ulike sektorane forskjellige arbeidsområde. Skulemyndigheitene pliktar å gripe inn å sørge for at barn og unge får den undervisinga dei har rett på og plikt til å gjennomføre, og å skape eit

fysisk og psykososialt læremiljø som fremmar helse, trivsel og læring, medan helsemyndigheitene har ansvar for å gi barn og unge får rett til oppfølging, rett til vurdering og rett til individuell plan, som inneber at dei får eit koordinert og individuelt tilpassa tilbod. Sosialmyndigheitene skal sørge for økonomisk stønad der det er behov, og praktisk bistand og opplæring, samt avlastingstiltak for familiar med behov for dette. Justismyndigheitene sitt ansvar på dette området er å etterforske lovbrøt og kome med passende reaksjonar mot lovbrøytarane der det er naudsynt, samt å sette i verk førebyggjande tiltak i lokalsamfunnet. Dei har ansvar for konfliktråda, kriminalomsorga og friomsorga. Barnevernet sine plikter og ansvar er å sikre at barn og unge ikkje lev under høve som kan skade deira helse eller utvikling, og i motsett fall gi hjelp og omsorg til rett tid, og å medverke til at barn og unge har sunne og trygge oppvekstvilkår. Dei skal med heimel i barnevernslova og andre aktuelle lover setje i verk tiltak som er spesielt tilpassa den enkelte, og har ansvar for gjennomføring og oppfølging av desse tiltaka (Hpl.2005: 9-13).

Noko som kan vere ei ulempe ved denne inndelinga er at når alle instansar har gjort avgrensingar ut i fra definisjon av kva som er deira ansvarsområde, kapasitet, eigenheit og eiga kompetanse, er at resultatet av samfunnet sine reaksjonar kan utebli. Dette kan medføre ei utilsikta læring for den unge; at den enkelte for ei oppleving av at samfunnet sine reglar utelukkande gjeld for andre enn seg sjølv. Ein kan oppleve eit tap av mogelegheit til å ta eit oppgjør med eiga åtferd, eller ei stimulering av ei kriminell karriereutvikling, og meirkostnadar for samfunnet. I høve der barn og unge utfører kriminelle handlingar er det viktig at samfunnet umiddelbart handlar målretta og tilstrekkeleg. På denne måten er sjansen større for at aktuelle tiltak og rehabilitering kan fungere best mogeleg. God kompetanse og oppdatert kunnskap, samt erfaringsutveksling mellom ulike etatar, profesjonar og forvaltningsnivå er difor av sentral relevans (Hpl.2005:17).

7.2 Sentrale satsingsområde

Som det går fram av handlingsplanen, har innsatsen mot barne- og ungdomskriminalitet vore eit satsingsområde gjennom fleire år. Samarbeid mellom ei rekke aktørar, på statleg, regionalt og lokalt nivå, i tillegg til frivillige organisasjonar og næringsliv, har ført fram til utvikling av nye metodar og gjennomført gode prosjekt. Det kjem vidare fram at den aktuelle handlingsplanen bygg vidare på erfaringar fra iverksette tiltak.

Konfliktrådsmeikling er eit av desse satsingsområsa, og er ein metode som kjem inn under omgrepet *restorative justice*. Dette omgrepet baserar seg på tre viktige prinsipp: for det første er det sentralt at samfunnet sin reaksjon på ei kriminell handling bør starte med å gjenopprette så mykje som mogeleg av den skaden offeret har vore utsett for. Det andre hovudelementet i *restorative justice* er at gjerningspersonen skal stimulerast til å forstå konsekvensane av handlingane sine og verte muntra opp til å ta ansvar. For det tredje bør offeret ha anledning til å fortelje gjerningspersonen kva konsekvensar dette medfører for offeret, stille spørsmål og deretter saman med den skuldige finne fram til ein så god som mogeleg framgangsmåte for å gjenopprette skada som har skjedd. Formålet med konfliktrådsmeikling er at dei i fellesskap kan finne fram til korleis etterverknadane av lovbrotet skal handsamast og kva lovbrotet vil ha å seie for framtida (Hpl.2005:6 og14).

Eit anna satsingsområde er familierådslag. Her går ein inn på rammer, reglar og prosedyrar for korleis familien kan treffe forpliktande avgjerder. Modellen skil seg fra konfliktrådsmeikling ved at offeret for handlinga ikkje er til stades. Meklarane i denne modellen fungerer som nøytrale tilretteleggjarar, og familien gis høve til å drøfte problema i eit nøytralt forum og finne best mogeleg løysingar sjølve. Noko som kan vere eit aktuelt prosjekt kan vere ”SNU unge lovbyrtarar i tide”. Dette prosjektet inneheld seks delprosjekt, og har vekt på eit systematisk forvaltningssamarbeid for å hjelpe unge lovbyrtarar ut av kriminalitet. Dette er eit fellesprosjekt mellom stat, kommune, lokalsamfunn, der dei unge skal møtas med konstruktive tiltak i eit samarbeid mellom den unge sjølv, heim, skule, politi, kriminalomsorg, hjelpeapparat og nærmiljø. Ein liknande tverretatleg modell er samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT). Dette er ein forpliktande modell med samarbeid mellom politi og andre offentlege etatar, frivillige organisasjonar og næringslivet, med same fokus som SNU (Hpl.2005:14)

I førebyggingsarbeidet vil det legkast vekt på å kartlegge erfaringar, samle og dele kunnskapar mellom dei lokale, regionale og nasjonale myndigheitene, og styrke kompetansen hos samarbeidande profesjonar. Ein vil kartlegge tilbodet til unge lovbyrtarar med valds- og aggresjonsproblem, for å danne grunnlag for vidare innsats for å ivareta denne gruppa sine behov, samt å innhente oversikt over det samla tenestetilbodet til barn og unge, for å undersøke om og kvar det er behov for betring (Hpl.2005:21).

Noko som er svært viktig i alle ledd av desse førebyggingsplanane, og i alle instansar som er involvert i oppfølginga, er fokus på barnets beste. Ein kan her reise spørsmål om kva som faktisk er barnets beste, da det rådar ulike meiningar rundt dette. Som det går fram tidlegare, legg handlingsplanen vekt på at den unge får ytre meininga si, at dei skal haldast ansvarlege for handlingane sine og såleis gjerast til sjølvstendige individ med ansvar for eige liv og utvikling, og også emosjonelle og fysiske behov hos den unge. Eg tolkar dette slik at det er dette handlingsplanen har meint som barnets beste. I tråd med dette ynskjer ein å avdekke om det kan vere behov for å føreslå regelendringar for å kunne tilpasse straffereaksjonen til den enkelte lovbrutar, både når det gjeld kva vilkår som kan stillast for påtaleunntaling og betinga dommar, samt fortsett auka bruk at konfliktråd. Ein vil også sikre rask hjelp innan psykisk helsevern, for at den enkelte unge skal få rett hjelp til rett tid (Hpl.2005:22-23).

Eg meiner at dei overnemnte tiltaka og satsingsområda framlagt i handlingsplanen kan settast inn under det teoretiske omgrepet sosial kriminalitetsførebygging, da dei rettar merksemda mot dei sosiale faktorane i høve til lovbroten. Noko som kan vere problematisk med dette perspektivet er, som nemnt tidlegare, at ein her ofte ser kriminalitet som eit determinert fenomen, og flyttar fokus fra individ til samfunn. Ein kan på denne måten forflytte ansvarsfokuset fra den unge lovbrutaren. Dette kan sjåast som å stå i strid med sentrale verdiar nemnt i samband med handlingsplanen; ansvarleggjering av den unge lovbrutaren. På den andre sida kan det vere vanskeleg å vurdere under kva teoretisk omgrep dei ulike tiltaka kan plasserast, da handlingsplanen i si framlegging av tiltak har lite fokus på kvar den kriminelle sjølv kjem inn, og tiltaka er lite konkrete.

I handlingsplanen nemnast fleire tiltak som kan vere av nytte i arbeidet mot ungdomskriminalitet: Ein vil prøve ut oppfølgingsteam etter lovbroten, for å sikre at eit enkelt lovbroten med tid ikkje utviklar seg til ei kriminell karriere. Vidare vil ein medverke til eit tettare samarbeid mellom politi og kommune i førebyggingsarbeidet. Eit anna sentralt tiltak er å sikre tilgang til døgnkontinuerleg barnefagleg oppfølging, gjennom å gjere barnevernvakttjenester tilgjengelege heile døgnet.

Innan politiet i seg sjølv vil ein utarbeide nasjonale retteliner for varsling av barnevernsmyndigheitene, samt utarbeiding av ein plan for politiets innsats mot barne- og ungdomskriminalitet, der ein beskriv kva ansvar og oppgaver politiet har i dette samband, og vektlegg kva verkemiddel politiet har til rådighet. Ein vil evaluere politiet sin bruk av

bekymringssamtalen, som gir politiet moglegheit til å innkalle barn og foreldre til samtale der det er grunn til å tru at den unge har utført ei straffbar handling, og undersøke om det er naudsynt å vidareutvikle rettleiingsinformasjon eller andre ledd i den førebyggjande målsetnaden bekymringssamtalen har. Utarbeiding av ein felles rettleiar for å sikre felles forståing av teieplikta kan vere eit sentralt ledd i dette arbeidet. Dette fordi målretta informasjonsutveksling innan lovverket i samarbeidet om unge lovbyrtarar er naudsynt for ei heilskapeleg oppfølging, og ein er avhengig av ei felles forståing og praktisering av reglane kring teieplikt og meldeplikt. Ein vil også vurdere lovgivinga og erfaringar med eigne forvaltingsorgan i landet med erfaringar dei har gjort seg i andre land, for å undersøke om det er behov for å etablere eigne forvaltingsorgan med myndigheit til å behandle saker mot mindreårige lovbyrtarar i Norge (Hpl.2005:20).

Eit anna tiltak Justis- og politidepartementet vektlegg i handlingsplanen sin er multifunksjonell institusjonsbehandling. Med bakgrunn i forskning om behandling av ungdom med åtferdsvanskar har Barne- og familiedepartementet i samarbeid med svenske myndigheiter tatt initiativ til å utvikle ein ny modell for institusjonsbehandling av ungdom. Multifunksjonell institusjonsbehandling vil verte utprøva i fem institusjonar, og modellen vil innehalde ein utreiingsdel, ein behandlingsdel, og ei oppfølgingsperiode etter utflytting. Denne nye modellen skal fungere som ein kombinasjon av institusjon og nærmiljøbaserte tiltak, og såleis kunne fungere betre enn om ein berre fekk ein av delane (Hpl.2005:24).

Utreiing av tilpassa tiltak under fridomsberøving og å sikre at unge straffedømte får ei heilskapeleg utdanning, kan medverke til å snu ei kriminell karriereutvikling. I kombinasjon med ei mentorordning, kan ei få svært gode resultat av desse tiltaka. Til sist vil ein vurdere lovendingar for hensiktsmessig bruk av ungdomskontrakt. Denne kontrakten er ein avtale mellom den unge lovbyrtaren med samtykke ra dei føresette på den eine sida, og politi og kommunale myndigheiter på den andre, der den unge forpliktar seg til å gjennomføre spesifiserte aktivitetar i dei to åra kontrakten varar, i bytte mot at rettsmyndigheitene avstår fra vidare straffeforfølging. Ei vurdering av denne ordninga vil kunne avdekke kva endringa som trengst for å gjere ungdomskontrakten mest mogleg nyttig som reaksjonsform (Hpl,2005:24-25).

I dei seinare åra har det vore eit auka politisk press om meir etterforsking mot barn og unge, for å kunne sette inn moglege tiltak. Regjeringa Stoltenberg foreslo i eit høringsbrev fra

Justisdepartementet, 12.7.2001, å endre strafferettslova slik at alle lovbrøt kan etterforskast, sjølv om gjerningspersonen er under den kriminelle lågaldere. Dette var meint å kunne ha ei preventiv effekt i seg sjølv, og også for å kunne nytte bevis i ei eventuell barnevernssak for å kunne sette inn passande tiltak (Falck, 2002). Ein seinare regjering, Bondevik-regjeringa i 2005, gjekk i ei litt anna retning og forsøkte å opne for auka bruk av påtaleunnlating. Dei ville på denne måten heller finne fram til ein meir egna reaksjon og oppfølging, som gir grunnlag for rehabilitering (Hpl.2005:22). Ein kan på denne måten seie at der det første forslaget har eit element av avskrekking for andre unge, og slik også ei førebyggjande effekt, vil det andre forslaget kanskje kunne sende eit budskap om at ein lettare kunne sleppe unna ”straff” for handlingane ein har utført, sjølv om andre typar reaksjonar ville kome i staden. Dette kan vere med å sette lys på eit av dei store paradoksa når det gjeld ungdomskriminalitet og straffeforfølgjing; at ein kan vere gammal nok til å utføre kriminelle handlingar, men ikkje gammal nok til å haldast ansvarleg for desse handlingane, og ta konsekvensane av åtferda si.

Avslutningsvis meiner eg det er eit spørsmål som vert sentralt i høve til ungdomskriminalitet, og dermed viktig å få med. Dette dreiar seg om korvidt ungdom er kriminelle, eller om det er samfunnet som kriminaliserar dei unge gjennom sine haldningar. Der det viser seg å vere vanleg å tru at svært mange unge er kriminelle, er det faktisk slik at det er et absolutt mindretal av alle ungdommar som utfører dei kriminelle handlingane. Sturla Falck understrekar at for dei aller fleste ungdomar i dei aller fleste situasjonar, er konformitet og lovlydigheit ei veldig treffande beskriving. Det er også slik at det ikkje er mogeleg å få eit korrekt syn på omfanget av ungdomskriminalitet ved hjelp av dei tala ein har. Endringar i lovverk, i registreringsrutinane til politiet, tilbøyelegheita til å melde eit lovbrøt og bruk av sjølvrapportering i registreringa av kriminaliteten kan påverke tala (Falck, 2002).

Den britiske kriminologen Sheila Brown (1998) understrekar at synet på kriminalitet også må forståast i samanheng med samfunnet sine førestillingar om ungdom. Ungdom og alder er også kulturelt konstruerte kategoriar. Alder dreiar seg om forventingar, moralsk og åtferdsmessig, og dette påverkar korleis vi ser på vald og kriminalitet knytt til visse aldrar. Der barn vert forventa å vere uskuldirge, ligg det forventingar til ungdom om at dei skal bryte normer, teste grenser og gjere opprør mot etablerte strukturar i vaksenverda. Der er såleis meir forventa at ungdom skal utføre kriminelle handlingar. Vidare seier Brown at den offentlege debatten gjer ungdom til ei spesiell gruppe. Ein konsekvens av dette er at dei vert marginaliserte. Denne prosessen gjer ungdom til ein gruppe som på dei eine sida vert fratatt

makt og status, og som på den andre sida medfører at ungdom er ei farleg gruppe, med den konsekvens at dei blir ”annleis”. Brown meiner vidare at å sjå ungdom som marginale og som ein trussel vert av stor betydning for å forstå korleis alder står i forhold til vald, kriminalitet og kriminalisering (Brown, 1998 i Natland 2004).

Med bakgrunn i Falck og Brown sine perspektiv, er det interessant å stille det store fokuset på ungdomskriminalitet i eit anna å meir kritisk søkelys. Vert ungdom karakterisert som ei gruppe utanfor den ”normale” befolkninga? Vert det på denne måten vert stilt andre forventingar dei, som at dei skal gjere opprør mot dei fastlagde verdiane i samfunnet? Vidare kan det store samfunnsfokuset på kriminell ungdom seiest å skape ein myte om at dei fleste ungdommar er kriminelle, der ein uheldig konsekvens kan vere at dei vert mistenkeleggjort og behandla som antisosiale og utagerande.

8.0 AVSLUTTING

Innleiingsvis i oppgava viste eg til omfanget av ungdomskriminalitet i Norge, og kvifor eg meiner det er eit tema det er viktig å ha kunnskap om i det praktiske arbeidet som barnevernspedagog. Hovudbegrunninga mi for dette valet er at eg meiner di meir kunnskap ein har om korleis ungdomskriminalitet oppstår og korleis det kan førebyggast, dess betre er ein rusta i møte med ein slik problematikk i arbeidet med barn og unge. Problemstillinga eg arbeidde ut i fra var: *Korleis kan ungdomskriminalitet forklarast og forståast, og korleis kan ein førebygge det?* Da problemstillinga mi er todelt, er også oppgava det. I første del drøfta eg ulike risikofaktorar som kan føre til utvikling av kriminalitet hos barn og unge. Dette for å få innblikk i korleis ungdomskriminalitet oppstår, og for å forklare som problemstillinga seier *korleis kan ungdomskriminalitet forklarast og forståast*. For å få meir orden på dei ulike forklaringane på fenomenet, vart risikofaktorane inndelt i risiko i samband med individ og risiko på eit gruppenivå, i oppgava kalla individbaserte og psykososiale risikofaktorar.

På det individbaserte planet viste eg til biologiske faktorar, personlegdomsfaktorar og kognitive risikofaktorar. Det eg i hovudsak fann ut om dei biologiske årsaksforklaringane var at dei kunne vere nyttige å sjå i to ulike lys der ein på den eine sida tenker at biologiske faktorar ganske direkte slår ut i antisosial åtferd, og på den andre der biologiske faktorar slår ut i eit åtferdsmønster ved at dei kan disponere for personlegdomstrekk som impulsivitet, dårleg sjølvbilete og aggresjon. På denne måten heng dei biologiske forklaringane litt saman med dei personlegdomsmessige. Hovudpoenget i samband med personlegdom var korleis

trekk som psykopati, aggresjon, angst og sjølvbilete kan slå ut som risikofaktorar i seg sjølv. Med kognitive risikofaktorar er det meint faktorar i samband med kognitive prosessar; dei mentale funksjonane som ligg til grunn for erverving, lagring og bruk av dei kunnskapane ein tilegnar seg. Funna her er diskutabile, og det herskar usemje om korvidt faktorar som intelligens, utvikling av moralomgrep og læreveskar kan vere aktuelle i utvikling av antisosial åtferd, eller om det eventuelt er indirekte forklaringar på dette.

Med tanke på psykososiale risikofaktorar vart dei inndelt faktorar som gjeld familien, skule og jamnaldergrupper og fritid. Der ein ser kriminalitet som lært åtferd, vert alle desse tre arenaene aktuelle, sidan dei alle dreiar seg om samspel mellom menneske. Når det gjeld familien har det vore forska på kva som kan føre til kriminalitet, og der ein tidlegare trudde at fattigdom og den uverdige livssituasjonen fattigdommen framkalla var årsaka, har ein seinare funne ut at kriminalitet kan ha større samanheng med manglande kontroll, slapp og ineffektiv disiplin, lite rom for dekking av kjenslemessige behov, høg grad av konflikhtar i familien og foreldre som slit med rusmisbruk, psykiske lidingar. Det ein gjennom forskning har kome fram til når det gjeld risiko i samband med skule, er at dei som ville ha slutta på skulen om mogelegheita var der, er meir tilbøyelege til å utføre kriminelle handlingar, og også at skuleopposisjon, disiplinveskar, svake faglege prestasjonar, skulking, negative haldningar til skulen og å verte mobba kan vere relatert til problemåtferd. I høve til jamnaldergrupper og fritid kan ein sjå på jamnaldergruppene i eit sosiologisk lys og kome fram til to årsaksforklaringar på kriminalitet i grupper; på den eine sida kan vennegrupper påverke den enkelte unge sine haldningar i retning av antisosial åtferd, og på den andre sida viser det seg at ungdom som allereie er kriminelle søker saman med andre kriminelle. Eit sentralt poeng i samband med fritid er å hugse på at der ein tidlegare har sett på fritidsklubbar og andre fastsette fritidsaktivitetar som kriminalitetshemmande, ser ein no at dei også kan fungere som kriminalitetsframkallande³. Eit spørsmål som er sentralt i forståinga av kvifor enkelte unge utførar kriminelle handlingar er korvidt normbrot blant unge er opprør mot det vaksne samfunnet sine verdiar og normer, eller om dei unge følgjer dei same normene, men da sine eigne (feil)tolkingar av dei.

³ Dette har også vore understreka av valdsforskar Ragnhild Bjørnebekk, som meiner at fritidsklubbane kan vere viktige tiltak for mange ungdommar, men ikkje for dei potensielle kriminelle, og seier vidare at i fritidsklubbane utviklast kriminelle nettverk heller enn å førebyggast (Aftenposten, 16.08.05).

Oppgava sin andre tel tok for seg korleis ungdomskriminalitet kan førebyggast. For å belyse dette såg eg først på tre teoretiske forståingar av førebygging; sosial, situasjonell og lokalorientert kriminalitetsførebygging. Da dette er teoretiske perspektiv, kan det vere vanskeleg å sjå dei ulike tiltaka i dei tre ulike kategoriane. Vidare nytta eg handlingsplanen mot ungdomskriminalitet fra Justis- og politidepartementet for å sjå på kva ansvar dei ulike sektorane har, og kva tiltak som kan vere aktuelle i førebyggingsarbeidet, som kofliktrådsmeikling, familierådslag, oppfølgingsteam etter lovbrøt, tettare samarbeid mellom etatar og ungdomskontrakt. Handlingsplanen la stor vekt på viktigheita av tverrfagleg og tverretatleg arbeid, og hadde fokus på verdiar som å ta omsyn til barnet sitt beste, enkeltindividet, behov hos lovbrøytaren, deira sjølvstende, meistringskjensle, reintegrasjon og ansvarleggjing av den unge lovbrøytaren.

Det eg i hovudsak kom fram til i arbeidet med oppgava, foruten å forklare korleis ungdomskriminalitet kan oppstå, og ulike måtar ein kan førebygge, er spørsmålet om korleis ein kan vere gammal nok til å utføre kriminelle handlingar, men ikkje gammal nok til å haldast ansvarleg for handlingane og åtferda si. Dette er eit spørsmål som nok krevjar ein del debatt for å besvare, og som framleis må stå som eit paradoks på feltet. Eit anna spørsmål som gjer seg gjeldande er korvidt ungdom er kriminelle, eller om det er samfunnet som, mellom anna gjennom politikken og medias søkelys, kriminaliserar dei unge gjennom sine haldningar til ungdom og ungdomstid. Eg har også merka meg at fokuset når det gjeld ungdomskriminalitet, også i dei tilsynelatande kjønnsnøytrale kjeldene, ligg hos gutane. Forskinga eg har nytta i oppgava mi, og som eksisterar på feltet elles, dreiar seg i stor grad om gutar. Dette til tross for at det ikkje er særleg forskjell på gutar og jenter på dette feltet, verken i risikofaktorar eller kva kriminalitet dei utførar, noko som er hovudpoenget i den feministisk orienterte kriminologien.

Som nemnt i innleiinga meiner eg ungdomskriminalitet er eit viktig område å ha meir kunnskap på i arbeidet som barnevernspedagog i praksis, og eg har lært ein del gjennom arbeidet med oppgava. Det dreiar seg i hovudsak om å kjenne til dei eventuelle risikofaktorane som kan gjere at barn og unge endar i ei kriminell karriere. Dette er viktig å ha kunnskap om, slik at ein kan kjenne igjen risiko, og gripe inn med tiltak tidlegare. Vidare har eg fått med meg meir av viktigheita til tverrfagleg samarbeid i høve til den unges behov, og at den unge aktivt må ta del i rehabiliteringsarbeidet og stå inne for sine handlingar, for å best mogeleg kunne arbeide med seg sjølv og forstå kva konsekvensar åtferda si kan ha.

Litteraturliste

Bjørnebekk, R. (2005) Ungdomsklubber skaper kriminalitet. Artikkel i Aftenposten 16.08.05
<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article1097080.ece>

Borge, A. I. H. (2003) *Resiliens: Risiko og sunn utvikling*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Brown, S. (1998) *Understanding youth and crime. Listening to youth?* Birmingham - Philadelphia: Open University Press.

Dalland, O. (1997) *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Universitetsforlaget.

Erstad, O. (1997) *Det kriminalitetsforebyggende siktemål: En meta-evaluering av nasjonale og internasjonale tiltak og strategier i det kriminalitetsforebyggende arbeidet*. PHS Forsking 1997:3.

Falck, S. (2002) *Barne- og ungdomskriminalitet i Norge på nittitallet*. Oslo: Det kriminalitetsforebyggende råd.

Hage, P. (1998) *Forsking om ungdomskriminalitet*.
www.krad.dep.no/images/ungdkrim_hage.pdf

Hauge, R. (2001) *Kriminalitetens årsaker*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jappe, E. (2000) *Børne- og ungdomskriminalitet*. Århus: Forlaget Kolibri.

Kaufmann, A. (1991) *Kriminalitetsutvikling hos barn og unge: En sammenfatning av risikofaktorer knyttet til individet og psykososialt miljø*. Oslo: Det kriminalitetsforebyggende råd.

Kristensen, H. D (2000) *Børn og kriminalitet: en inspirationskatalog til hurtig indsats ovenfor børn der begår kriminelle handlinger*. Socialministeriet.

Lien, I. L. (2004) *Ugripelig ung: Kriminalitetsforebygging og gjengbekjempelse i innvandringsmiljøene*. NIBR-rapport 2004:14.

Natland, S. (2004) "Bare barn" eller "en av gutta"? Alder og kjønn i diskursen om jentevold. *Tidsskrift for kulturforskning*. Volum 3, nr.1 2004, s. 15-30.

Olsen, T. (1991) *Unge, kriminalitet og straf*. København: Borgen forlag.

Olweus, D. (2004) *Mobbing i skolen: Hva vet vi og hva kan vi gjøre*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Pape, H. (1995) *Karakteristika ved ungdomskriminalitet og unge lovovertridere*. Politihøgskolens forsknings- og utviklingsavdeling/UNGForsk. PHS Forskning 1995:1

Schiefloe, P. M. (2003) *Mennesker og samfunn: Innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget.

Scott, J. (1990) *A matter of record: documentary sources in social research*. Cambridge: Polity Press.

Stene, R. J. (2003) *Barn og unge inn i rettssystemet: Kriminalitet blant barn og unge. Del 1*. Oslo: Statistisk Sentralbyrå.

Offentleg dokument:

Sammen mot barne- og ungdomskriminalitet (2005-2008) Oslo: Justis- og politidepartementet.